



Atle Bruvoll Andersen  
Trøelandsvegen 24  
5956 HUNDEVIN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13370 - 20/73992

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
19.11.2020

## Landbrukssak gbnr 108/20 Lindås - Svar på søknad om nydyrking

**Administrativt vedtak: Saknr: 1248/20**

### **VEDTAK:**

**Med heimel i forskrift om nydyrking gjev Alver kommune Julie Bruvoll og Atle Bruvoll Andersen løyve til nydyrking som vist i bilde 2 på gbnr 108/20 Lindås i Alver kommune.**

- **Kjem det fram kulturminne må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.**
- **Om ikkje tiltaka er iverksett innan 30.11.2023 fell løyvet bort.**

### **Saka gjeld**

Julie og Atle har søkt om nydyrking av areala på eigedom 108/20 Lindås. Dei driv i dag gbnr 55/1 Bruvoll og har ca 70vinterføra sau. Dei har planar om utviding av drifta og oppstart med ammekyr og på sikt melkekyr. Samtidig med søknad om nydyrking har dei og starta ein prosess for kjøp av jordbruksareala på eigedommen som dei i dag leiger. Nydyrka areal skal i hovudsak haustast og innmarksbeite nyttast til beitedyr. Det er stor rift om jordbruksareal i område og dei har ikkje nydyrkingsmoglegheiter på eigen gard.

### **VURDERING:**

*«Formålet med denne forskriften er å sikre at nydyrking skjer på en måte som tar hensyn til natur- og kulturlandskap, herunder hensynet til biologisk mangfold, kulturminner og landskapsbildet, samtidig som det skal legges vekt på å sikre driftsmessig gode løsninger.»*

Kommunen har vært på synfaring saman med Trygve Torsteinsen og Atle og sett på areala, moglege tiltak og vurdert inngrepa. Omsøkt areal består i dag av myr, jorddekt fastmark og noko skog på jorddekt fastmark. Tidlegare eigarar av gbnr 108/31 har beita alt med storfe dei siste åra. Eit areal som i dag er oppført med markslaget myr, på 14,5daa, har me vurdert til å halda kvaliteten til fulldyrka areal då grøfter er godt synlege i terrenget det er ganske fast

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

jord. Det er og beitepussa og beita med storfe på arealet. Men det er behov for etablering av nye grøfter. Denne delen tar ein dermed ut av søknaden om nydyrking og sender til retting av AR5 hos kart og oppmåling i kommunen. Sjå bilde1 under.

**Bilde 1**



Arealet ein då står igjen med på ein søknad er på ca 40daa.

**Bilde 2**



Av dette er det ca 5daa som er definert som myr i dag.

Kommunen kan i særlege tilfelle gje løyve til nydyrking av myr etter § 5a i forskrift om nydyrking.

Myrarealet på ca 2daa ligg i dag mellom eksisterande innmarksbeite og skog på fastmark. Arealet er ganske fast og fell naturleg inn mellom markslaga og vil vera lite praktisk å halda arealet utanfor.

Myrområdet heilt sør er ikkje direkte tilknytt det store myrområdet. Det går ein djup kanal langs eigedommen som delar dette arealet frå områda på andre sida. Arealet er fast og har vært beita med storfe i mange år. Kommunen vurderer difor at inngrep på vestsida av kanalen vil gje små eller ingen konsekvensar for myrområdet i øst.

Nydyrkinga er planlagd ved profilering av arealet. Profileringa vert sett på som ein skånsam og miljøretta dyrkingsmetode. Ein vil på den måten ikkje frigje store mengder lagra klimagassar i myra ved å snu myra og grave grøfter.

Prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no). Området er elles omkransa av skog, myr, dyrka mark og beite og øydelegg såleis ikkje nokon andre viktige naturtypar.

Ved nydyrking skal det settast igjen ei vegetasjonssone mot vassdrag. Langs vassdrag med årsikker vassføring skal sonen vera minst 6 meter målt ved normal vassføring. Langs vassdrag utan årsikker vassføring skal sonen vera minst 2 meter. Som vassdrag regnes stillestående eller rennande overflatevatn med årsikker vassføring og vassløp utan årsikker vassføring dersom det skiljar seg tydeleg frå omgivelsane. Ved fare for avrenning til vassdrag skal det opparbeidast eit fangdammsystem.

Både kommunen og rådgjevingstenestene kan bistå med informasjon om ynskjeleg.

Julie og Atle har stort behov for meir areal knytt til drifta. Dei ynskjer å kunne utvida drifta då dei begge i dag har jobb utanom. Å styrke driftsgrunnlaget på garden ser me som positivt og ein treng fleire bønder i kommunen samt auka matproduksjon nasjonalt.

### **Regelverk**

- Forskrift om nydyrking

-Naturmangfaldslova §§8-12

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13370

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om godkjenning av plan for nydyrking - gbnr 108/20 Lindås  
Uttale til søknad om nydyrking - GBNR 108/20 Lindås

**Mottakarar:**

Atle Bruvoll Andersen  
Julie Bruvoll

Trøelandsvegen 24  
Trøelandsvegen 24

5956 HUNDVIN  
5956 HUNDVIN